


FANGST OG SKJELPRØVAR I ESPEDALSELVA

Fangststatistikk


Gjennomsnittleg årsfangst i perioden 1988-2005 var 286 laks med snittvekt på 3,1 kg og 139 sjøaurar med snittvekt på 0,9 kg. Før 1988 var det registrert små fangstar enkelte år, men det er ukjend om dette er reelt eller skuldast manglande innrapportering. Også enkeltår etter 1988 ser det ut til å vera manglande rapportering. Største fangstane av både laks og sjøaure var i 2000, då det vart fanga 641 laks og 308 sjøaure. I 2005 vart det fanga 506 laks (snittvekt 3,5 kg), og 92 sjøaure (snittvekt 0,8 kg).



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Espedalselva i perioden 1969-2005. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).

Analysar av skjelmateriale - vekst i elv og sjø

Det vart berre motteke skjelprøvar frå ein laks fanga ved sportsfiske i 2005. Dette var ein villaks på 91 cm og 7,6 kg som hadde vore tre år i elv, gått ut som smolt ved ei lengd på 16 cm og deretter vore tre vintrar i sjøen.



FIGUR 2. Vekst i elv og sjø for ein villaks fanga i Espedalselva i 2005.

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75

E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no